

# Korleis kapra ungdommen?

Os & Fusaposten

---

Ungdomsredaktør-  
prosjekt

# Dette skal vi snakka om:

- Bakgrunnen for satsinga
- Måla
- Oppstart
- Gjennomføringa av prosjektet
- Topp 5 erfaringar
- Korleis gjekk det?
- Positive verknader

# Bakgrunnen

Ønske om å rekruttere nye lesarar i alderen 16-24 år. Vi har høg snittalder blant lesarane våre og treng å knytta til oss nye

Utfordra oss som lokalavis til å finna måtar å bryta igjennom til ungdomen, som i dag i stor grad nyttar sosiale medium til informasjon.

Med midlar frå medietilsynet (500 000) fekk vi høve til å tilsetja ein ungdomsredaktør og etablera ein eigen ungdomsredaksjon.

Satsinga kom i forlenginga av Landslaget for lokalaviser (LLA) sitt innovasjonsprogram (DIP) - som Næringsdepartementet, Noregs forskingsråd og Innovasjon Noreg stod bak.



# Mål

1

## Rekruttera

- Fleire abonnentar og høgare nettrafikk i alderen 16-24 år.
- Knyta denne aldersgruppa tettare til oss - med redaktørstyrt innhald.

2

## Informera

- Laga saker om og for ungdom - på deira premissar.
- Gjera ungdomen meir bevisst på forhold i sitt eige lokalsamfunn.
- Fanga opp og gje innsikt i tema som elles får mindre dekning i avisa.

3

## Engasjera

- Gje ungdomen ein arena for sine synspunkt.
- Skapa eit større samfunnsengasjement mellom unge
- Vera brubbyggjar til politikk/ avgjerder som angår dei.
- Gje ungdom kunnskap om journalistikk og språk.

# Oppstart

- **Martine Håland vart tilsett som ungdomsredaktør i ei 60% prosjektstilling i eitt år**
- **Me oppretta eiga underside på osogfusa.no for ungdomssaker. Denne fekk eigen layout både på nett og papir.**
- **Ungdomsredaktøren fekk ansvar for å finna og skriva saker til og for ungdom, samt avisa sine sosiale medium.**



# Gjennomføring

- Ungdomsredaktøren byrja med å etablere kontakt med ungdomane på deira "arenaer", som ungdomsskular, vidaregåande skular, ungdomsråd, Ung Arena, idrettsklubbar og fritidsklubbar.
- Med utgangspunkt i samtalar med dei unge skreiv ungdomsredaktøren eit stort tal saker for og med ungdom, og sette fleire gonger dagsorden med sine saker.



UNG I BJØRNAFJORDEN



- Dette er det største valet vi har stått overfor så langt +



UNG I BJØRNAFJORDEN



Rådgjevarane ved Nore Neset ungdomsskule gjev innblikk i tips og trendar +

UNG I BJØRNAFJORDEN



- Etter ti år med skule har eg lyst på noko som er litt meir praktisk +

UNG I BJØRNAFJORDEN



- Talet søkjarar til TAF har gått opp frå begge sider av fjorden +

UNG I BJØRNAFJORDEN



Stadig fleire vel yrkesfag, også dei som vil ta høgare utdanning +

UNG I BJØRNAFJORDEN



Frå arkivet: - Vil visa folk at det er lys i tunellen +

UNG I BJØRNAFJORDEN



Gjensyn med popstjernas overraskingsbesøk: Aurora med viktig bodskap til dei unge +

UNG I BJØRNAFJORDEN



Interessa tok heilt av etter gjenopninga: - Eg har undra litt på kvifor det vart så populært +

UNG I BJØRNAFJORDEN



Nedslående resultat på dei nasjonale prøvane. Slik vil skuleeininga «snu skuta» +



Fadnes Trafikkskule sponsa med både buss og hengar. - Vi er utruleg takksame for denne moglegheita. Det hadde teke lang tid om vi skulle ha fiksa dette sjølve, seier Cato Berge. Foto: Martine Håland

## Med sponsa buss og skreddarsydde skinnbukser frå Hollywood, er Notorious klar for turné



Diskuterer vegen vidare: Elevane ved Os vgs møtte onsdag Vestland Ungdomsutval og Bjørnafjorden Ungdomsråd for å diskutera vegen vidare. Foto: Martine Håland

## Politikarane legg ned påbygglinja ved Os vgs: -Skal gjera alt vi kan for å motbevisa dei

Her møter elevane ved Os vgs representantar for Vestland Ungdomsutval og Bjørnafjorden ungdomsråd for å diskutera vegen vidare



Stor interesse: I følgje dei to kameratane Kim og Kristoffer er det stor interesse for bil blant ungdom på Os. Foto: Privat

## - Treng berre ein asfaltfleck, så er vi fornøgde

Interessa for bil er i følgje kameratane Kim Roger Knutsen og Kristoffer Kleivane stor blant ungdom på Os, som stadig møtest og køyrer rundt i Os.



(russe)tid i vente: - Vi håpar på det beste, seier bussjef Vegard Mortensen. Foto: Privat

Har brukt over 500.000 kroner på ei ssetid som kanskje ikkje blir noko av

- Det ser jo ikkje så veldig lyst ut, men vi håpar på det beste.



Klump i magen: - Eg har vener frå andre skular som har byrja å drikka eller vapa fordi eg gjorde det. Då kjende eg verkeleg på klumpen i magen. Foto: Illustrasjon

## - Det er alltid nokon som kan skaffa meg kva som helst eigentleg

Trass sin låge alder er «Markus» allereie erfaren med ulike typar rusmiddel.



Utfordring lenge: Jentene vi snakkar med fortet at slåsting har vore ei utfordring i ungdomsmiljøet på Os i fleire år. Foto: Skjermdump

## Ungdom om valdsepisodane på Os: - Verkar som dei synest det er kult å visa fram til folk



Her trenar ambulansseelevane ved Os vgs på scenario som vil møte dei seinare i arbeidslivet. Foto: Martine Håland

## Sjå video: - Her trenar elevane på å handtera pasientar med hjertesvikt

Med jamne mellomrom trenar elevane på ambulanselinja ved Os vgs på å løysa ulike oppdrag som dei vil møte seinare i arbeidslivet. Førre veke arrangerte dei det dei kallar fullskalaøving.



Selma og Lars driv eiga gardsbedrift med utsal av vaktelegg: - Vi hadde lyst på eit eige prosjekt her på garden, seier Selma. Foto: Martine Håland

## Selma og Lars starta gardsbedrift: No leverer dei vaktelegg til Bergens mest populære restaurant

🇳🇴 – Ein kan jo ikkje berre sitja inne og sjå på ein skjerm heile sommaren, seier Lars.



Utplassert: Så lenge Alice Skrede Tesdal (18) kan hugsa, har ho hatt lyst til å bli bilbergar. No er ho utplassert hos Viking i Bergen. Foto: Privat


## Alice (18) skal bli bilbergar: - Det krev at ein er ganske fysisk sterk og flink til å skru



Spent: - Vi håpar jo sjølsagt på å vinna, men det er mange andre flinke konkurrentar, seier dagleg leiar i Fjorden Gourmet Julia. Foto: Martine Håland

## Slik gjekk det med Fjorden Gourmet i NM

🇳🇴 Det er spente elevar og lærarar som møter Os & Fusaposten på Fusa vgs torsdag morgon. Fjorden Gourmet skal nemleg konkurrera i NM i ungdomsbedrift.



Fersk student: Evgenia Taranova (20) frå Eikelandsosen var akkurat byrja på medisinstudiet då korona-pandemien braut ut. Foto: Privat

## Evgenia var akkurat byrja på medisinstudiet då koronapandemien



Brannførebyggjarar: Merethe Svendal Rio (31) og Agathe Cöllestine Lekven (19) utdannar seg til å bli brannførebyggjarar ved Os brannstasjon. Foto: Martine Håland

## Er sikre på at fleire kvinner vil få auga opp for dette yrket

🇳🇴 Førre veke byrja Merethe Svendal Rio (31) og Agathe Cöllestine Lekven (19) i lære som brannførebyggjarar ved Os brannstasjon.



Vanskeleg år for mange: Til Os & Fusaposten fortel Aurora at ho syntest det var fint å kunna gjera noko kjekt for ungdomane, etter det som har vore eit vanskeleg år for mange. Foto: Martine Håland

## Gjensyn med popstjernas overraskingsbesøk: Aurora med viktig budskap til dei unge

🇳🇴 Elevane ved Os Ungdomsskule fekk seg verkeleg ei overrasking då Aurora plutsleg dukka opp og framførte songen «Runaway»

# Gjennomføring

- I løpet av året fekk vi etablert ein eigen ungdomsredaksjon med fire engasjerte ungdomar frå Bjørnafjorden.
- Sommaren 2021 arrangerte vi sommarskule i samarbeid med Bjørnafjorden kommune.
  - 10 ungdomar tok del i eit skreddarsydd opplegg
  - Workshop med programleiar Guro Halleraker frå TV2-serien Ekte
  - Besøk på Media City Bergen og NRK Vestland
  - Opplæring i foto, video, intervju og presseetikk frå våre egne journalistar.
  - Avslutningsvis fekk ungdomane i oppgåve å laga ein valfri reportasje frå klatreparken Høyt og Lavt.



# Videoreportasje: Bli med Stine og Astrid til Høyt og Lavt i Bergen



<https://www.youtube.com/watch?v=NSrBcn2YSFY>

# Topp 5 erfaringar

1. Du kjem langt ved å vera til stades der ungdommen er.
2. Bruk tid på å byggja tillit, ikkje "angrip" dei unge med spørsmål. Ta taleopptak og skap gode samtalar.
3. Prøv å unngå leiande spørsmål, formulér deg heller på nytt.
4. La ungdommen si stemme få skina i sakene. Ikkje skriv sitat om til "vaksenspråk". Jo meir autentiske dei unge får vera, jo meir kan unge lesarar relatera til sakene.
5. Ver raus med gjennomlesing og innspel. Ver også villig til å anonymisera dersom sakene er kontroversielle.



# Korleis gjekk det?

- **Gjekk abonnementsstala for UNG rett i vêret? Nei, men vi fekk ei auke på vel 40 UNG-abonnement i løpet av eit halvt år. Vi veit også at mange unge nyttar foreldre sine abonnement, noko som ikkje viser att i statistikken.**
- **Gjekk nett-trafikken i taket for dei mellom 18-31? Nei, men vi opplevde ei generell stor auke i nettrafikk på osogfusa.no i perioden ungdomsredaktør-satsinga var ein del av produktet. Også andre aldersgrupper er interesserte i kva som rører seg blant ungdomen.**

# Positive verknader

- Eit langt større kontaktnett mellom ungdom.
- Eit mykje tettare forhold til ungdoms- og vidaregåande skular i kommunen.
- Fleire tips til ungdomssaker.
- Større godvilje i ungdomsmiljøa i kommunen.
- Merkevaren Os & Fusaposten står sterkare.
- Ein auke i UNG-abonnement (+47). Måla var høgare, men eit slikt rekrutteringsarbeid gjer seg ikkje over natta.
- Ungdomsredaktøren har fleire gonger sett dagsorden og løfta fram saker som også har nådd det politiske miljøet i kommunen.
- Vi i redaksjonen har fått gleda av å jobba med ein ungdomsredaktør som har kome inn med nye idear som vi tek med oss vidare.



# Ei viktig oppgåve

- **Vi har fått bekrefta at ungdom er ei utfordrande målgruppe å nå. Betalingsviljen for nyheiter er ikkje er den største i denne aldersgruppa. Men, å gje dei ein relasjon til lokalavisa, prøva å nå dei på deira arenaer, på deira premissar - med redaktørstyrt innhald - er etter vårt syn ei viktig oppgåve som forhåpentlegvis vil gje avkastning for både dei og oss på sikt"**
- **Det finst mange gode støtteordningar som gjer til at ein kan skaffa seg rom til slike satsingar i ein travel kvardag med avgrensa økonomi.**

**Takk for oss!**

**Ha ein strålande kveld**

**vidare!**